

## **Reglement for medverknad i prosjektperioden for samanslåing av fellesråda i Sauherad og Bø**

1. Det blir lagt til grunn at vedtak i kyrkjeleg fellesnemnd vedgår arbeidstakarane på same måte som i fellesrådet. Ordninga for medverknad i prosjektperioden fram til nytt fellesråd 1.januar 2020 skal fylgje reglane i Hovudavtala for KA-området, med nokre praktiske tilpassingar.
2. Det veljast tillitsvalte for organisasjonane som er representert i dei to fellesråda, som tek i vare rettar og plikter etter HA §9.
3. Det veljast to representantar (med vara) for arbeidstakarane som tek i vare rettar og plikter etter HA §10, ein frå kvart fellesråd.
4. Prestane har ingen formelle rettar i Hovudavtala for KA-området. Deira arbeidstilhøve kan likevel bli påverka av samanslåinga, og ein representant for prestane blir invitert til drøftingane saman med dei andre tillitsvalte/ arbeidstakarrepresentantar.
5. Verneomboda (der det er valt slike) blir også invitert til å delta i drøftingane.
6. Frå arbeidsgivarane møter kyrkjeverjene og prosjektleiar.
7. For å ta i vare rettar og plikter etter Hovudavtala, og samtidig gjennomføre kommunikasjonen på ein rasjonell og kvalitativ måte, praktiserast medverknad på fylgjande måte i eit tillitsvaltforum.
  - a. I tillegg til dei tillitsvalte, representanten for prestane og kyrkjeverjene, inviterast dei to arbeidstakarrepresentantane og verneomboda også i dei regelmessige møta i tillitsvaltforumet. Med mindre det krevjast egne, særlege drøftingar, er drøftingsplikta etter HA §9-4 teke i vare med dette.
  - b. Prosjektleiar kallar inn til møta i forumet normalt før kvart møte i fellesnemnda, etter at agenda og fortrinnsvis sakspapir er ferdig.
  - c. Prosjektleiar skriv referat frå møtet, som sendast ut – så sant mogleg – før kommande møte i fellesnemnda. Referatet blir lagt fram for fellesnemnda til orientering.
  - d. I enkelte saker som er særskild viktig, kan dei to arbeidstakarrepresentantane be om møte med heile eller delar av nemnda, slik at drøftingar om dei aktuelle problemstillingane kan takast direkte.
  - e. Tillitsvaltforumet kan også ta i vare trongen for arbeidsgrupper som kan hjelpe prosjektleiar med kjennskap til dei enkelte fag-/ forvaltningsområde, anten gjennom dm som ordinært møter i forumet, eller at forumet supplerer seg sjølv.

***Vedteken av kyrkjeleg fellesnemnd i sak 009/18 15.mars 2018***